

Basert på [handlingskarta frå Krisesenteret for Sunnmøre](#)

Handlingskarta frå Krisesenteret for Sunnmøre er laga for å hjelpe alle som jobbar med barn, er offentleg tilsette eller elles møter barn i kvarldagen – til å lettare vite kva ein skal gjere ved mistanke om vald og seksuelle overgrep mot barn.

Dersom personalgruppa ikkje har grunnleggande kjennskap om vald i nære relasjoner eller seksuelle overgrep, eller de vil lære meir om det først, kan de bruke materiell som ligg på sidene til dei vaksne under [Vald i nære relasjoner - Livet og sånn \(livetogsann.no\)](#) og [Seksuelle overgrep - Livet og sånn \(livetogsann.no\)](#). Her finn de lenker til mykje god kunnskap inkludert gode filmar.

Som eit minimum før de jobbar med desse tema i klassene bør de ha gått igjennom denne presentasjonen slik at dei tilsette veit kva dei skal gjere dersom dei vert bekymra for elevar.

Den som held dette kurset treng ikkje vere ekspert. De kan jobbe dykk gjennom dette saman. Men ta gjerne med helsesjukepleiar eller andre i personalkurset.

Det du viser på skjermen:	Det du gjer:
<p>Seksuelle overgrep og vald i nære relasjoner</p>  <p>Korleis kan skolane bruke handlingskarta frå Krisesenteret for Sunnmøre for å hjelpe elevar som treng det?</p>	<p>Introduser temaet og sei kvifor dette er teamet akkurat no. Kanskje skal de ha dette som tema i Livet&Sånn i vekene som kjem? Informer i så fall om kva tema som er valt.</p> <p>Trykk på lenka til handlingskarta slik at deltakarane ser at dette er ei brosjyre. Kanskje har skulen også fått desse i papirformat? eller de kan sjølve printe ut og dele ut til kvar tilsett om de vil det.</p>
 <p>CG HD Se den på YouTube</p>	<p>Det kan vere lurt å starte med ein film for å tone seg inn i temaet. Denne er kort, men viser at elevar som opplever vald ofta prøver å skjule dette for andre. Det treng ikkje snakke saman etterpå, det kjem fleire snakkeoppgåver etter kvart.</p>
<p>Det vi kan sjå</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sår og blåmerke • Brann- og kuttkade • Søvn- og spiseproblem • Magesmerter • Endring i sminnstemning • Sosial tilbaketrekkning • Utagerande eller «pleasande» åferd • Sårheit, smerten i underliv • Seksualisert åferd • Sjølvskadling • Hypsige legebesøk og innleggningar på sjukhus (med diffuse symptom) • Dårlig tannhelse • Familien mottsett seg innsyn • Bruk av rusmiddele <p>Sjå eventuelt meir om dette i Kripo - Vald mot barn Facebook</p>	<p>Les opp kvart punkt på lista over det vaksne kan sjå. Mange av punkta kan vere teikn på andre ting. Til fleire punkt til viktigare at ein raskt gjer noko med bekymringa si.</p> <p>Filmen viser forskjellen på blåmerke som barn naturleg får i leik vs merke som ofte er påført av andre.</p> <p>La dei tilsette snakke med kvarandre litt: <i>Kven ville du drøfta med dersom du såg slike ting hos ein elev og vart bekymra?</i> Å snakke med nokon om det ein ser – før ein eventuelt spør barnet, kan gjere oss tryggare i samtale med barnet.</p>

<p>Det vi kan spørre om</p> <p>- SPØR</p> <p>Tekst herom har som har spjeldt på innvaretalet og overgrepet om det er ulike måter å spørre om.</p> <p>Spør gjerne om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eg har sagt noe ikke til... - Og så skildre det du ser: - Du ofte har vondt i imagen...? - Du verkar siltet/trott/trist? - Du har blåmerke på armen? <p>TIPS</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjenta det barnet saier. • Still oppne spørsmål, ikke leilande. • Bruk støtteord som hmmm... - ja, fortel, fortel meir • Spar gjerne fleire gongar. • Avtal gjerne eitt nytt møte med barnet. • Skriv logg. <p>- AKUTTE SITUASJONAR</p> <p>Det er viktig å vite at det kan være ulike slags overgrep, eller at barnet ikke har fått det, har de vært utsatt for det?</p> <ul style="list-style-type: none"> • ved fysiske skader • ved alvorlige truslar • ved mistanke om seksuelle overgrep • når barnet viser redsel for å gå heim • når barnet blir henta av rusa foreldre • ved mistanke om nært føreståande/gjennomført kjønnsleesting eller tvangsekteskap <p>Varsle politi og barnevern umiddelbart!</p> <p>Sjå Avvergingsplikten – plikten som kan reddet liv on Vimeo</p> <p>Avvergeplikt</p> <p>Gjennom straffelova § 196 har vi alle ei personleg plikt til å anmeldre eller på annan måte avverge og hindre straffbare forhold. Dette er eit personleg ansvar og det overstyrer teieplikta.</p>	<p>Gå igjennom dei ulike måtene å spørje på.</p> <p>Det er VELDIG FINT om dei tilsette no kan snu seg til kvarandre to og to og prøve å sette saman slike setningar. Den eine er elev og den andre er den vaksne. Dette for at den vaksne skal få trenre seg på å sette ord på slik bekymring. Vis gjerne sjølv først. Her vil rammene vere viktige.</p> <ul style="list-style-type: none"> • At barnet kan svare utan at andre hører på. • At den vaksne viser at ein har tid til å høre svaret. • At ein er ganske nær, lik ansiktshøgde, vennleg og mild stemme,
<p>Akutte situasjonar</p> <p>Når du har grunn til å tru at eit barn blir utsatt for vold eller overgrep, eller kjem til å bli utsatt for det, har du plikt til å handle:</p> <ul style="list-style-type: none"> • ved fysiske skader • ved alvorlige truslar • ved mistanke om seksuelle overgrep • når barnet viser redsel for å gå heim • når barnet blir henta av rusa foreldre • ved mistanke om nært føreståande/gjennomført kjønnsleesting eller tvangsekteskap <p>Varsle politi og barnevern umiddelbart!</p>	<p>Her er det snakk om <i>akutte</i> situasjonar. Då skal ein ikkje informere skuleleiinga først dersom dette gjer at politi og barnevern ikkje får beskjed fort nok.</p>
<p>Sjå Avvergingsplikten – plikten som kan reddet liv on Vimeo</p> <p>Avvergeplikt</p> <p>Gjennom straffelova § 196 har vi alle ei personleg plikt til å anmeldre eller på annan måte avverge og hindre straffbare forhold. Dette er eit personleg ansvar og det overstyrer teieplikta.</p>	<p>Vi har alle avvergeplikt i slike situasjonar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Denne filmen bør de prioritere å sjå dersom de berre rekk nokre av filmane. • La dei gjerne få snakke litt med kvarandre i etterkant av filmen for å sette ord på tankane sine til kvarandre. • Kanskje vil dei sjå bildet over om akutte situasjonar medan dei snakkar med kvarandre
<p>- AVKLAR</p> <p>Eit barn kan fortelle om handlingar i følg. et barnet har gjort. Det er viktig å høre om det barnet har gjort.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er i dag, men ikke spør om det. - Eg ikke gjorde det, men ikke spør om det. - Jeg gjorde det, men ikke spør om det. - Du beralt meg om... <p>Utsi varsemd og ikke spør for detaljert. La barnet fortelle med eigne ord. Lag utfyllende notat. Synleggjer at det barnet har fortalt er viktig. Ikke lov barnet at du ikkje skal seie det til nokon. Forklar barnet at du må snakke med nokon andre vaksne om det barnet har fortalt.</p> <p>NB! Ved mistanke om vold og overgrep mot barn skal IKKJE føresette bli kontaktat.</p> <p>Avvergeplikt: Gjennom straffelova § 196 har vi alle ei personleg plikt til å anmeldre eller på annan måte avverge og hindre straffbare forhold. Dette er eit personleg ansvar og det overstyrer teieplikta.</p>	<p>Avklar handlar om dei tilfella der du er bekymra, men det er ikkje ein akutt situasjon. Du kan difor snakke med barnet, og rádføre deg med nokon som gjer deg tryggare på korleis du går fram vidare.</p> <p>Les opp punkta, og framhev det viktige med å ikkje informere dei føresette.</p> <p>Sjå filmen som forklarer kor viktig det er at barnet er trygg for å kunne formidle.</p>
<p>Du kan rádføre deg med barnevern, krisesenter, barnehuset eller politi.</p> <p>Informér leiar om di bekymring. Legg ein plan for vidare handtering.</p> <p>NB! Ved mistanke om vold og overgrep mot barn skal IKKJE føresette bli kontaktat.</p>	<p>På skolar er det ønska at skolen si leiing skal informerast før ein sender bekymringsmelding til barnevern og politi. Dette kan vere fint og gjere deg tryggare. Men om de er uenige så har du framleis plikt til å melde dersom du sjølv er bekymra for barnet. Her står det at ein kan søke rád hos barnevern, krisesenter, barnehus. Helsejukepleiar kan også bidra her.</p>
<p>Handle</p> <p>Kva gjer du ved mistanke om at eit barn er vitne til vold eller blir utsatt for vold eller overgrep?</p> <p>Send bekymringsmelding til barnevernet og politi!</p> <p>Rådføring: Er du usikker? Ring barnevern, politi, krisesenter eller barnehus for rád og rettleiing.</p> <p>Meldeplikt: Du har sjølvstendig plikt til å melde til barnevernet og politi ved mistanke om vold eller overgrep. Dei har ansvar for å undersøke saka og avgjere vidare tiltak.</p>	<p>Som avslutning kan det vere fint å finne ut om dei tilsette opplevde denne informasjonen som nyttig, og om dei ønsker meir informasjon/opplæring om temaet. Gå gjerne inn på lenkene her og vis kva dei finn på desse sidene.</p>
<p>Lær meir om seksuelle overgrep her og om vold i nære relasjoner her.</p>	